



Hellesylt 11.11.2025

NVE
nve@nve.no

Uttale til konsesjonssøknad 132kV linje Tomasgard – Bø

Dykkar ref. 202314385-8

Den omsøkte linja vil føre til eit stort inngrep i eit flott fjell-, myr- og skogområde mellom Hornindal (Volda) og Stryn. Ein må difor vere sikker på at det verkeleg er naudsynt med ei så stor linje. Dersom eksisterande trasear kan nyttast med mindre oppgradering, eller det kan lagast mindre linje/meir miljøtilpassa linje, må det prioriterast.

Linja vil bli eit framandelement nær mykje brukte friluftsområde, og kryssar det statleg sikra friluftslivsområdet Tonningleirane - Ullsheim. Linja vil også gå i nærskogen ved byggefelta nord for Stryn og krysse like ved fleire seterområde. Det gjeld Lønnssetra, Kyrkhornsetra, Grothaugsetra, Grendasetra, Holsetra, Øvrebergsetra, Lundesetra og Vinsryggsetra.

Det bør også vurderast om deler av strekninga kan leggst i jordkabel. Med utviklinga dei seinare åra med graveutstyr/fjellsprengeing kan dette vere eit alternativ. Naturkostnadane og kanskje vedlikehaldskostnadane vert mindre. Det er i 2025 på tide at nettselskapa i sine vurderingar også legg stor vekt på miljøfordelane ved dette alternativet, og ikkje avfeiar det med at anleggskostnadane vert høgare.

Område med urørt natur er under sterkt press mange stader i landet. Merksemda om dette er mykje større no enn for berre få år sidan – med tilhøyrande skjerpa krav om å ta omsyn til natur og miljø i utbyggingssaker. Det skal difor vere tungtvegande grunnar til å gjere inngrep som redusere den inngrepsfrie naturen i Noreg ytterlegare.

Bygging av slike store linjer det her er snakk om er eit inngrep som er svært skadeleg for naturen. Vi ber difor om at det blir lagt stor vekt på dette perspektivet i den vidare prosessen og at våre synspunkt vert grundig handsama før konsesjonssøknaden vert avgjort.

Per Ingebrigt Karbø
Fylkesleiar